



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 06.09.2017
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09.00 - 13.30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	Gjekk frå i sak 048/2017
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	Gjekk frå i sak 048/2017

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Deltok i sak 048/2017
Liv Anne Aanesen	SA	Varamedlem	Deltok i sak 048/2017

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Kjell Langeland	konsulent		Deltok i sak 048/2017
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingsjef	Administrasjon	Deltok i sak 049, 050, og 051/2017
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
044/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/2017	Godkjenning av møtebok
046/2017	Referatsaker
047/2017	Orienteringssaker
048/2017	Klage på vedtak i delegasjonssak 004/2017 rammeløyve for gnr 76 bnr 103. Dispensasjon frå regulerings føresegnene for Kyrkjeteigen.
049/2017	Drøftingssak - modalsdagane.
050/2017	Revidering av strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.
051/2017	Sandindustrien i Modalen - i hefteformat.

Notat frå møtet:

044/2017: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

045/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

046/2017: Referatsaker

Behandling:

Rådmannen informerte om brev frå IMDI om mottak av flyktningar 2018. Ein eventuell førespurnad til kommunane om busetjing i 2018 vil fyrst koma i 4.kvartal 2017. Kommunestyret vil få ei sak på dette i desember.

Ordførar og rådmann orienterte om endringae i ekteskapslova og nye reglar for kommunale vigsler. Frå 1.januar vert denne oppgåva overført frå domstolane til kommunane. Ordførar og varaordførar kan då føreta vigsler. Det vil koma forskrift og retningslinjer som regulerer dette området. Ordførar vil rådføre seg med kollegaer for å finne gode måtar å gjennomføre ein slik sermoni.

Ordførar orienterte kort om NVE sitt vedtaksbrev.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

047/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om:

- invitasjonen frå Bergensalliansen til å gå inn i utvida felles brann- og redningsregion. Eit slikt samarbeid vil medføre ekstra kostnader. Semje om at me skal sjå kva kommunane rundt oss tenkjer, og deretter førebu sak til Kommunestyret
- ordførar har sendt avtaleutkast om tursti til grunneigarane på Helland. Avventer tilbakemelding frå dei
- tv-aksjonen i år går til Unicef. Må gjerast vedtak om kor mykje Modalen kommune skal gje, og må planleggjast kven som kan vere bøssebærarar. Rådmannen førebur sak på beløpet som skal gjevast, kr. 25.000,-. Ordførar organiserer bøssebærarar.

Teknisk sjef orienterte om:

- plan for oppgradering av fellesareal Modalstunet. Prosjektet vert ikkje sett i gang i år, men lagt inn i økonomiplan med oppjusterte tal
- Kommunal bustad på Øvre Helland vert snarleg lagt ut for sal
- 2 Hybler i industribygg er ledige. Desse vert ikkje leigde ut i påvente av ei vurdering av om desse skal omgjeras til utleigekontor
- Service og tenestesenter: HRTB arkitekter engasjert for å utgreie nedskalert prosjekt i samsvar med Kommunestyret sine føringar. Prøve å få til møte med Formannskapet 3.oktober
- Elektrisk anlegg båthavn Mo - ikkje oppgradert, venter på tilbod frå elektriker
- Møte med Fylkeskommunen om plan for nytt bustadområde Mo området 25.september. Ordførar, teknisk sjef og konsulent deltek
- Sandbanke ved utløpet av Modalselva - kontakt med Fylkesmannen og NVE for å kartleggje prosess for fjerning av denne. Kostnad vert lagt inn i økonomiplan
- Plastring av skade i elveutløp/molo - reperasjon planlagt i september 2017

Rådmann orienterte om:

- Velferdsteknologi - Modalen kommune er med i to fellesprosjekt med kommunane i Nordhordland. Prosjekta går på å ta i bruk velferdsteknologi i tilbodet til heimebuande eldre og funksjonshemma. Prosjekta er statleg finansiert.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

048/2017: Klage på vedtak i delegasjonssak 004/2017 rammeløyve for gnr 76 bnr 103.
Dispensasjon frå regulerings føresegnene for Kyrkjeteigen.

Behandling:

Sakshandsamar Kjell Langeland orienterte om saka. Formannskapet samde om å oppretthalde dei dispensasjonar som er gjevne i høve fasade og plassering på tomta, men at avkjørsel må flyttast til stikkveg. Ordførar kom med slikt framlegg til tilleggspunkt i vedtaket:

Nabomerknader i høve til avkjøring i kryss vert teke til følge. Ein slik avkjørsle vil kunne skape ein uoversiktleg trafikksituasjon i eit område der det ferdast mange barn både i skuletid og på fritid.

Ansvarlig søker må finne løysninga på utkjørsel langs stikkveg til 76/85 og 76/102

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klage frå naboar ang. dispensasjon frå reguleringsføresegnene vert ikkje teke til fylgje.

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av bustadhus som vist på teikningar, kart og skildring mottatt 15.03.17, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Kommunen gjev dispensasjon som omsøkt frå byggegrense jf pbl § 29-4 for bygningsdel som ligg mot parkeringsplass i aust.

Nabomerknader på plassering mot kommunal veg i nord vert teke til fylgje. Modalen kommune gjev ikkje dispensasjon frå byggegrense i nord mot kommunal veg.

Det vert gjev dispensasjon frå pkt 2.3.1 og pkt 2.3.2 reguleringsføresegner. Det vert gjeve løyve til gesimshøgde på 8,9 m for dei to takoppletta.

Nabomerknader i høve til avkjøring i kryss vert teke til følgje. Ein slik avkjørsle vil kunne skape ein uoversiktleg trafikkssituasjon i eit område der det ferdast mange barn både i skuletid og på fritid. Ansvarleg søkjar må finne løysninga på utkjørsel langs stikkveg til 76/85 og 76/102.

049/2017: Drøftingssak - modalsdagane.

Behandling:

Kultur og utviklingssjef orienterte om årets Modalsdagar. Formannskapet drøfta innhaldet i Modalsdagane. Semje om at ein skal prøve å halde på konseptet slik det framstår i dag, men at kommunen bør prøve å få private aktørar meire på bana i planlegging og gjennomføring av dagane. Bryggedansen vart teke fram som eit arrangement der ein bør prøve å få private aktørar til å ta ansvar for gjennomføringa.

Vedtak:

Drøftingssak – overordna evaluering av modalsdagane 2017. Semje om at ein skal prøve å halde på konseptet slik det framstår i dag.

050/2017: Revidering av strategisk næringsplan og vedtekter for næringsfondet.

Behandling:

Kultur og utviklingssjef orienterte om prosessen og høyringsrundane.
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune vedtek revidert *Strategisk næringsplan* og *Vedtekter for næringsfondet* slik dei ligg føre.

051/2017: Sandindustrien i Modalen - i hefteformat.

Behandling:

Kultur og utviklingssjef orienterte om saka. Formannskapet positive til tiltaket, men stilte spørsmål om det er sett av tilstrekkeleg med økonomiske midlar til prosjektet. Semje om å auke løyvinga til inntil 50.000,- kr.
Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr. 50 000,- frå næringsfondet til arbeidet med produsere og gje ut i hefteform historiar om sandnæringa si utvikling i Modalen.
